

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
612.3	Erik Myrum	04.03.21	4/21

## REVIDERING AV SAMARBEIDSAVTALE OM ELG-, HJORT-, RÅDYR- OG SMÅVILTJAKT I NORDHERAD FELLESOMRÅDE

*Saksdokument:*

1. Sakene 15/20 og 40/20 i fjellstyret med saksdokument.
2. E-post frå Vågå JFF av 19.02.21 til fjellstyret.
3. E-post frå Halvor Dalen og Rolf Grev av 20.02.21 til fjellstyret.

*Saksutgreiing:*

Fjellstyret har behandla revidering av samarbeidsavtala om elg-, hjort-, rådyr- og småviltjakt i Nordherad fellesområde i sak 15/20 og i sak 40/20. Etter at fjellstyret fekk merknader frå fire jegerar (Halvor Dalen, Rolf Grev, Ketil Gutubø og Torstein Brun) etter vedtaket i sak 15/20, valde fjellstyret og behandle saka på nytt, og det vart fatta følgjande vedtak i sak 40/20:

*Fjellstyret viser til vedtak i sak 15/20 og sluttar seg i hovudsak til forslag til revidert samarbeidsavtale om elg-, hjort-, rådyr- og småviltjakt i Nordherad fellesområde. Fjellstyret vil understreke at ein generelt er godt tilfreds med samarbeidet om denne avtala og praktiseringa av denne, og håpar at alle dei tre partane fortsatt vil samarbeide om felles forvaltning av jakta i Nordherad.*

*Fjellstyret viser til saksutgreiinga ang. tildeling av hjortejakt sidan 2016, da fellesområdet vart delt i to felt, og med opning for hjortejakt til to jaktlag i vestre del av fellesområdet, som hovudsakleg skjer i Nordherad statsallmenning. Sidan fjellstyret har ei plikt til å ivareta dei allmenne jaktrettane i eit slikt samarbeid, og når ein vesentleg del av totalkvota på hjort blir jakta på og tatt ut på statsallmenningsgrunn, foreslår fjellstyret at ein fråvik prioritering av lag representert med grunneigar for eitt av dei to jaktlaga. Og skulle det ein gong i framtida bli aktuelt med berre eitt slikt lag, t.d. av bestandsmessige forhold, og med same jaktfeltgrenser som i dag, så meiner fjellstyret at alle innanbygds lag må stillast likt i tildeling, uavhengig av grunneigarrepresentasjon.*

*Før fjellstyret gjer endeleg vedtak, blir saka sendt til Vågå JFF for eventuelle merknader. Dersom Vågå JFF ikkje har vesentlege merknader til revidert avtale og forslag frå fjellstyret ang. tildeling av elg-/hjortjakt, så blir dette vedtaket ståande og oversendt til Nordherad grunneigarlag og Nordherad bygdeallmenning for behandling i sine organ.*

Vågå JFF behandla saka på sitt årsmøte 18. februar og har sendt følgjande uttale:

1. *Vågå JFF er for at praksisen med prioritering av lag med grunneiere frå Nordherad bygdeallmenning/grunneierlag opphører ved tildeling av jakt på elg og hjort i Nordherad statsallmenning.*
2. *Alle innenbygdsboende i Vågå må stille likt, og jakten settes bort for tre om gangen.*
3. *Nordherad statsallmenning har stort nok areal for tildeling av kvote for både hjort og elg,*

---

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrrene.no

*bør lyses ut som sjølvstendig jaktfelt.*

*4. Andre forhold omfattet av samarbeidsavtalen tilrås vidareført.*

Halvor Dalen og Rolf Grev har sendt følgjande i ein e-post til fjellstyret:

*Viser til tidligere oversendt e-post fra fjellstyre angående jaktavtaler Nordherad. Vi stiller oss bak uttalelsene til Vågå Jeger og fisk, at statsallmenningen bør deles fra som eget felt.*

*Vurdering:*

Det blir vist til saksutgreiinga i sak 40/20 ang. historikken om etableringa av Nordherad fellesområde, om utvikling i kvoter, felling, oppdeling i jaktfelt m.m. Vågå JFF og nokre enkeltjegerar i bygda meiner at statsallmenningen bør skiljast ut som eige jaktfelt og at alle innanbygds må stillast likt. Dersom fjellstyret trekkjer Nordherad statsallmenning ut av samarbeidet og forvaltar hjort- og elgjakta på eigen hand, vil det fort resultere i ein slutt på alt samarbeid om jakt i Nordherad fellesområde. Det skal nok mykje til for at bygdeallmenninga og grunneigarlaget da vil vidareføre eit samarbeid med fjellstyret «berre» for rådyr- og småviltjakt. Fjellstyret har understreka i tidlegare vedtak at ein generelt er godt tilfreds med samarbeidet om avtala og praktiseringa av denne, og håpar at alle partane fortsatt vil samarbeide om felles forvaltning av jakta i Nordherad.

Som også vist i tidlegare saksutgreiing, er forvaltning av jakt på elg og hjort (og rådyr) i Nordherad fellesområde basert på denne fordelinga av teljande areal: Nordherad statsallmenning 5.400 dekar, Nordherad grunneigarlag 17.800 dekar og Nordherad bygdeallmenning 4.700 dekar, dvs. at statsallmenningen utgjer ca. 19,4 %. Med bakgrunn i siste års kvoter til Nordherad fellesområde på 2-3 elgar og ca. 15 hjortar, så ville fjellstyret ha fått tildelt 2-3 hjortar årleg og ein elg kvart andre eller tredje år (altså til Nordherad statsallmenning). Som elgjaktfelt blir statsallmenningen isolert sett vurdert som lite eigna pga. storleiken, men likevel godt nok eigna for hjortejakt sjølv om det i delar av terrenget er svært bratt og nesten utilgjengeleg for folk. Inntekter til fjellstyret av hjort- og elgjakt, er vurdert til å bli nokså likt om ein opererer for seg sjølv eller i samarbeidet.

Som det også vart omtala i førre behandlinga av saka, kan fjellstyret etter § 27 i fjellova gjera vedtak om at statsallmenning eller del av statsallmenning skal vera med i eit større jaktområde, når dette er føremålstenleg av omsyn til den jaktmessige utnyttinga av allmenningen. Det er ingen tvil om at utnyttinga av jakta i området er best tent med at det skjer i eit samarbeid over eit større område, både for elg og hjort. Opprettning av eit eige hjortjaktfelt frå 2016 der det meste av arealet ligg i Nordherad statsallmenning og med ei naturleg jaktfeltgrense etter Senda/Åe, skuldast aukande hjortbestand med høge kvoter, og for at fleire jaktlag i bygda skulle få tilgang til storviltjakt. Grunneigarlaget har oppfordra/sett krav om at jaktlaga, dvs. laget med elg- og hjortejakt på «hovudfeltet» og dei to hjortejaktlaga må samarbeide om felles bruk av jaktfelta, spesielt utpå seinhausten når grunnkvotar etter kvart blir fylt eller bortimot fylt, og eventuelt dersom det oppstår større konsentrasjonar av dyr i eitt delområde. Dette for å få tatt ut det meste av totalkvota. Inntrykk så langt er at dette har fungert godt. Dersom fjellstyret trekkjer seg ut av samarbeidet, så blir det nok vanskelegare å få til slike gode og «forpliktande» overgangsordningar. Dessutan er grensa mellom statsallmenningen og bygdeallmenningen ei meir «unaturleg» jaktfeltgrense.

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyre.no

Når det vert inngått avtale om felles utnytting av statsallmenningsgrunn og privat grunn, vil det sjølv sagt vera ei plikt for fjellstyret å sjå til at dei allmenne jaktrettane vert tilgodesett. Vedtaket i sak 40/20 ang. fråvik i prioritering av lag representert med grunneigar i tildeling av den reine hjortejakta må vera ei tilfredsstillande løysing i så måte for alle «partane» i samarbeidet og ikkje minst for jegerstanden i bygda. Det vil som nemnd tidlegare vera eit attendesteg for tilbodet om jakt i dette området dersom fjellstyret skulle «bryte» avtala.

### **Innstilling til vedtak:**

I revisjon av samarbeidsavtala om elg-, hjort-, rådyr- og småviltjakt i Nordherad fellesområde, viser fjellstyret til vedtak i sak 40/20. Sjølv om Vågå JFF og nokre enkeltjegerar i bygda meiner at fjellstyret skal trekkje seg ut av samarbeidet om elg- og hjortjakta i avtala, og dele frå Nordherad statsallmenning som eige jaktfelt, så vil ikkje fjellstyret imøtekoma det ønskje. Fjellstyret meiner at utnyttinga av elg- og hjortejakta i området er best tent med at det skjer i eit samarbeid over eit større område slik som i dag. Fjellstyret fryktar også at ved å trekkje seg ut av samarbeidet for elg- og hjortjakt, så kan det resultere i at det blir slutt på alt samarbeid i fellesområdet, også for småviltjakta og rådyrjakta. Det vil i så fall vera eit stort attendesteg for tilbod om all jakt i Nordherad.

Ang. forslaget som fjellstyret har om å fråvike prioritering av lag representert med grunneigar i tildeling av hjortjakt, så meiner fjellstyret at det er ei god løysing sett i forhold til fjellstyret si plikt til å ivareta dei allmenne jegerinteressene i eit slikt samarbeid med aktørar på privat grunn. Fjellstyret håpar at dei to andre samarbeidspartane forstår denne problemstillinga, og imøtekjem fjellstyret sitt ønskje på dette.

### **Vedtak:**

#### **Samrøystes:**

I revisjon av samarbeidsavtala om elg-, hjort-, rådyr- og småviltjakt i Nordherad fellesområde, viser fjellstyret til vedtak i sak 40/20. Sjølv om Vågå JFF og nokre enkeltjegerar i bygda meiner at fjellstyret skal trekkje seg ut av samarbeidet om elg- og hjortjakta i avtala, og dele frå Nordherad statsallmenning som eige jaktfelt, så vil ikkje fjellstyret imøtekoma det ønskje. Fjellstyret meiner at utnyttinga av elg- og hjortejakta i området er best tent med at det skjer i eit samarbeid over eit større område slik som i dag.

Ang. forslaget som fjellstyret har om å fråvike prioritering av lag representert med grunneigar, jf. vedtak i sak 40/20, så meiner fjellstyret at det er ei god løysing sett i forhold til fjellstyret si plikt til å ivareta dei allmenne jegerinteressene i eit slikt samarbeid med aktørar på privat grunn. Fjellstyret håpar at dei to andre samarbeidspartane forstår denne problemstillinga, og imøtekjem fjellstyret sitt ønskje på dette.

Fjellstyret ønskjer i tillegg at dei tre samarbeidspartane i fellesskap utarbeider retningsliner for overgangsordningar/felles jaktfelbruksordningar for elg-/hjortjaktlaga.

Før behandling av saka stilte Pål Grev spørsmål om sin habilitet fordi det er innkomne merknad frå ein jeger som han er i nært slektskapsforhold med. Fjellstyret vedtok samrøystes at han var habil i behandling av saka.

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

*Rett utskrift. Går til:*

Nordherad grunneigarlag v/Erling Raastad  
Nordherad bygdeallmenning v/Ivar Myrum  
Vågå JFF v/Bjørn André Lusæter  
Halvor Dalen, Rolf Grev, Torstein Brun og Ketil Gutubø

Vågåmo, 05.03.21

Knut Øyjordet (e.f)

---

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no